

Fra: Linn Merete Østerbø (lost@ullensvang.herad.no)

Sendt: 30.06.2016 13:16:00

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: 16/195-7 Val av skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Vedlegg: Informasjon om kvart skjønnsmedlem 2017.pdf

Hordaland fylkeskommune

Gunbjørg S Hanssen

P.b. 7900

5020 BERGEN

Vår ref.	16/195- 7	Saksh.	Linn Merete Østerbø	Arkiv	Dato
Jp.id.	16/7266	Tlf.	53671502	N - 022	30.06.2016

Val av skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Heradsstyret - 64/2016:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Gardbrukar /næringsdrivande Sjur Ove Svartveit, Utne

Gardbrukar Johannes H Sekse, Lofthus

Vaktmeister Jon Oppedal, Kinsarvik

Gardbrukar Erling Aga, Nå

Gardbrukar / rekneskap Ragnhild Reisæter, Reisæter Utne

Gardbrukar/rektor Helga Opedal, Lofthus

Gardbrukar / sakshandsamar Anne Gerd Nysveen, Hovland

Vedlagt fylgjer fullstendig saksutgreiing og informasjon om kvart skjønnsmedlem.

Med helsing

Ullensvang herad

Linn Merete Østerbø

sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	30.05.2016	51/2016
Heradsstyret	13.06.2016	64/2016

Saksansv .: Østerbø, Linn Merete	Arkiv: N - 022 Objekt:	J.post id. 16/5169	Arkivsaknr 16/195 - 5
-------------------------------------	---------------------------	-----------------------	--------------------------

Val av skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Endeleg vedtak i: Heradstyret

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Skjønnsprosesslova og domstollova

Saksutgreiing:

Skjønnsprosesslova § 14 lyder bl.a. slik:

I hvert fylke skal det være et utvalg av skjønnsmedlemmer som oppnevnes av fylkestinget etter forslag fra tingrettene og fra kommunestyrene. Oppnevningen foretas innen 15. oktober året etter hvert kommunestyrevalg, og gjelder for fire år fra 1. januar det påfølgende år. Utvalget skal ha så mange medlemmer fra hvert domssogn som departementet fastsetter. Ved fastsettingen av antallet tas hensyn til hvor mange skjønnsaker det vanligvis er i domssognet.

Ved oppnevningen skal det tas sikte på at utvalget får en allsidig sammensetning, og at de som oppnevnes har kyndighet på et eller flere områder som vanligvis berøres ved skjønn. Reglene i domstoloven § 70, unntatt annet ledd nr. 1 om en øvre aldersgrense, §§ 71 til 74 og § 79 gjelder tilsvarende. Det samme gjelder retten til fritak på grunn av utført tjeneste etter domstoloven § 90 første ledd annet punktum.

Det er såleis fylkestinget som oppnemner eit utval av skønnsmedlemmer etter forslag frå tingrettane og kommunestyra. Fylkestinget må føreta oppnemninga innan 15.10.2016 og valet gjeld for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020. Fylkeskommunen skal ha forslag frå kommunane innan 14.06.2016.

Heradsstyret hadde følgjande forslag til skjønnsmedlemmer frå Ullensvang herad for perioden 2013 – 2016:

Gardbrukar /næringsdrivande Sjur Ove Svartveit, Utne
Gardbrukar Johannes Sekse, Lofthus
Vaktmeister Jon Oppedal, Kinsarvik
Gardbrukar Erling Aga, Nå
Gardbrukar Anna Aakre Kråkevik, Nå
Gardbrukar/rektor Helga Opedal, Lofthus

Justisdepartementet skriv i brev av 21.12.2015 til kommunane m.fl. dette om samansetjing av utvalget: *"Det understrekes at det skal tas sikte på en allsidig sammensetning av utvalget. Det må særleg påses at det i utvalget kommer med et tilstrekkelig antall personer med innsikt i bygningsvesen og i jord- og skogbruk. Domstolene er i sin virksomhet avhengig av erfarne og velkvalifiserte skjønnsmedlemmer, og dette hensyn bør tillegges betydelig vekt ved valget"*.

I tilknytning til spørsmålet om kvalifikasjonar har Hordaland fylkeskommune i brev av 17.02.2016 til kommunane i Hardanger domssokn bl.a. skrive følgjande: *«Det er spesielt nemnd behovet for personar med innsikt i bygningsvesen og jord- og skogbruk. I tillegg er det i oversendingsbrevet opplyst at fleire domstolar overfor Domstoladministrasjonen har gjeve uttrykk for at dei i liten grad har bruk for skjønnsmedlemmer med alminneleg kompetanse. Det er gjeve uttrykk for at det er viktigare med kompetanse knytt til ulike sider av bruk og drift av fast eigedom samt rekneskap»*. Det vert elles vist til vedlagt brev av 21.12.2015 frå Justis- og beredskapsdepartementet til kommunane m.fl. der det er gjort nærare greie for val av skjønnsmedlemmer.

I nemnde brev frå Hordaland fylkeskommune står det vidare at Ullensvang herad skal koma med forslag om 6 skjønnsmedlemmer + 20 % for komande valperiode. Dette vil i praksis seia at Ullensvang herad skal koma med forslag om 7 skjønnsmedlemmer.

Etter domstollova § 68 skal formannskapet (valnemnda) sitt forslag til oppnemning av skjønnsmedlemmer leggjast ut til offentleg ettersyn i minst to veker. Saka vert deretter handsama på nytt i formannskapet før heradsstyret til slutt vedtek endeleg forslag til oppnemning av skjønnsmedlemmer frå Ullensvang for valperioden 01.01.2017 – 31.12.2020.

Rådmannen sitt framlegg:

I samsvar med praksis i valsaker vert saka lagd fram for handsaming i formannskapet utan framlegg til vedtak.

18.04.2016 Formannskapet

Framlegg frå formannskapet:

"Skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020:

Gardbrukar /næringsdrivande Sjur Ove Svartveit, Utne

Gardbrukar Johannes H. Sekse, Lofthus

Vaktmeister Jon Oppedal, Kinsarvik

Gardbrukar Erling Aga, Nå

Gardbrukar Ragnhild Reisæter, Reisæter Utne

Gardbrukar/rektor Helga Opedal, Lofthus

Gardbrukar Anne Gerd Nysveen"

Røysting:

Framlegg frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

fsk- 33/2016 Vedtak:

Skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020:

Gardbrukar /næringsdrivande Sjur Ove Svartveit, Utne

Gardbrukar Johannes H Sekse, Lofthus

Vaktmeister Jon Oppedal, Kinsarvik

Gardbrukar Erling Aga, Nå

Gardbrukar / rekneskap Ragnhild Reisæter, Reisæter Utne

Gardbrukar/rektor Helga Opedal, Lofthus

Gardbrukar / sakshandsamar Anne Gerd Nysveen, Hovland

Vidare handsaming av saka:

Formannskapet (valnemnda) sitt framlegg i møtet 18.04.2016 om oppnemning av skjønnsmedlemmer har vore lagt ut til offentleg ettersyn i minst to veker. Det har så langt ikkje kome inn merknader til formannskapet sitt framlegg. Saka vert med dette handsama på nytt i formannskapet 30.05.2016 før heradsstyret i møte 13.06.2016 vedtek endeleg forslag til oppnemning av skjønnsmedlemmer frå Ullensvang for valperioden 01.01.2017 – 31.12.2020.

Rådmannen sitt framlegg:

I samsvar med praksis i valsaker vert saka lagd fram for handsaming i formannskapet utan framlegg til vedtak.

30.05.2016 Formannskapet

Røysting:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

fsk- 51/2016 Vedtak:

Tilråding:

Skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Gardbrukar /næringsdrivande Sjur Ove Svartveit, Utne
Gardbrukar Johannes H Sekse, Lofthus
Vaktmeister Jon Oppedal, Kinsarvik
Gardbrukar Erling Aga, Nå
Gardbrukar / rekneskap Ragnhild Reisæter, Reisæter Utne
Gardbrukar/rektor Helga Opedal, Lofthus
Gardbrukar / sakshandsamar Anne Gerd Nysveen, Hovland

13.06.2016 Heradsstyret

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

HST- 64/2016 Vedtak:

Skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020

Gardbrukar /næringsdrivande Sjur Ove Svartveit, Utne
Gardbrukar Johannes H Sekse, Lofthus
Vaktmeister Jon Oppedal, Kinsarvik
Gardbrukar Erling Aga, Nå
Gardbrukar / rekneskap Ragnhild Reisæter, Reisæter Utne
Gardbrukar/rektor Helga Opedal, Lofthus
Gardbrukar / sakshandsamar Anne Gerd Nysveen, Hovland

Denne E-posten er filtrert av MessageLabs Email Security System.
For meir informasjon, besøk <http://www.messagelabs.com/email>
